



Turbonegro sette eit fantastisk punktum for Festidalen 2007 ved midnatt. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Truleg var det 1.700 betalande på Festidalen 2007. Då Turbonegro entra scenen med sin suggererande, timelange konsert ved midnatt antok festivalleiinga at det var 1.200 inne på arenaen utan at det kunne bekreftast. Fredagskvelden var besøkstalet vel 500.

Dermed vart fjorårsnoteringa på 1.000 betalande ettertrykkeleg slått og budsjettet overgått med 300. Det bør festivalleiinga vera fornøgd med.



Bård Are Aga frå Odda glytter ut gjennom teltet sitt medan regnbyene framleis står i kø. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Riktignok vart ikkje leiingas håp om 2.000 frammøtte nådd, men det må truleg skrivast på vergudanes konto. Atskillige lot seg nok skremme av det vedvarande regnet som ikkje stoppa før tre timer før festivalprogrammet skulle starta.

Nokon tok også farvel med Festidal-bygda tidleg laurdag. Mellom dei var fleire som hadde slege seg til på festivalcampen.

Campen på ridebana til Magne Huglen ved Dønhaughølen egna seg



Dette var eit telt – før vindbygene på morgonkvisten laurdag. (Foto: Ola Matti Mathisen)

eigentleg svært godt for føremålet. Dessuten var "pensjonsprisen" rimeleg – 50 kroner døgnet pr. person. Likevel vart livet der i tøffaste laget for fleire i morgontimane.

- Då var det fleire telt som knakk saman i vindbygene og det gjorde også teltet mitt, fortalde Bård Are Haga Aga frå Hardanger til uskedalen.no då han glytta ut gjennom teltduken medan regnbygene framleis stod i kø.



Jeff Martin fekk mange fans etter å ha presentert seg på Festidalen. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Fleire av dei som budde på plassen gav altså opp og drog heimatt i morgontimane, men Aga og dei fem han hadde med seg retta oppatt teltet og heldt ut. Og i kvelden kom det fleire frå Odda og slutta seg til selskapet. At det regnar under ein festival er mange vel vande med og dei er også vande med å trakke rundt i gjørma. Difor var det ingen sure miner å registrera blant festivalpublikummet over tilhøva på festivalarenaen. Men gode gummistøvlar var eit 'must'.

Andre festivaldag var aldersgrensa 18 år medan den var 16 dagens før..

Fredag kveld hadde dei mellom 16 og 18 sitt eige område , men det fungerte ikkje som det burde, blir det sagt til uskedalen.no. Sjølv om også andre kunne nytta dette området, var det i praksis så godt som tomt. Det hadde som konsekvens at det var svært glissent foran halvparten av scena, noko som ikkje var ideelt med tanke på å skapa ein kompakt heilskap. Her bør det finnast ei anna løysing neste gong.

Ellers er det ikkje mykje å trekka for i ettertid. Den store staben av friviljuge gjorde ein imponerende jobb og det same gjorde leiinga.

Noko som publikum kom med mange positive kommentarar om var menyen i restaurantavdelinga. Den var lang og allsidig som på den beste restaurant.

- Vi innbilte oss at vi her til nød kunne få kjøpa ei pølse, og så hadde dei faktisk både fisk, grilltallerken, tre slags pølser og mykje anna godt, sa eitpar Turboneger-fans som hadde kome heilt frå Lunde i Telemark for å oppleva heltane sine.

Også frå Haugesund var ein delegasjon av "turbofans" på plass.

Men fansen er i dette høvet slett ikkje konsentrert berre til heimlandet Noreg. Bandet har fanklubbar mange stader i verda og er ein spanande norsk 'eksportartikkel'.

Av Ola Matti Mathisen



Dei fekk mye ros for god og allsidig meny: Frå venstre står Synnøve Horva frå Voss, Jannike Myklebust frå Uskedalen, Inghild F. Helleland frå Dimmelsvik og Erna Synnøve Kjensjord frå Bergen. (Foto: Ola Matti Mathisen)